



Vedtekter for FAU Orre skule

§ 1 – Foreldrerådet og Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) skal fremje fellesinteressene til foreldre, vere bindeledd mellom foreldre og skulen og arbeide for eit godt læringsmiljø for alle elevar. FAU har informasjonsplikt overfor alle foreldre.

På vår skule informerer FAU foreldre på følgjande måtar: via referat frå møta. Referata ligg på skulen si heimeside, samt ved at rektor sender ut referatet i app/VISMA.

I tillegg har kvar enkelt klasse ei gruppe på Facebook eller tilsvarende (Spond) som FAU-representanten kan bruke til å kommunisere med sine foreldre. Sikre at alle får relevant informasjon. Ved oppstart i 1.trinn blir gruppa einige om form for kommunikasjon.

§ 2 – Val av Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval. Alle foreldre er automatisk medlem av foreldrerådet. På vår skule vel vi FAU-representantane på følgjande måte:

Vi vel FAU-representantar så tidleg som mogleg etter skulestart, i samband med foreldremøte. Rektor og tidlegare FAU-leiar sørger for opplæring av nye tillitsvalde.

§ 3 – Konstituering av FAU og val til andre utval

FAU konstituerer seg ved at FAU-representantane vel leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og eventuelt styremedlemmar. FAU vel to representantar med personlege vararepresentantar til samarbeidsutvalet (SU). Leiaren for FAU skal vere ein av representantane i SU.

§ 4 – Eventuelle komitear/fokusgrupper

FAU ved vår skule skal ikkje ha komitear.

§ 5 – Møte

FAU har møte fire gonger i året. Ekstraordinære FAU-møte vert haldne når 1/3 av medlemmane krev det. Møteleiinga er leiaren sitt ansvar. Dette ansvaret kan delegerast til andre medlemmar, men agendaen skal alltid vere kjend for FAU-leiar og resten av FAU. På vår skule offentleggjer vi innkallingar og møtereferat på følgjande måte:

FAU er vedtaksdyktig dersom 2/3 av medlemmane er til stades.

Dersom det er behov for fleire møte eller betre tid, har FAU Orre valt å ikkje ha ekstra møte, men heller forlenge tida på eitt av dei eksisterande møta.

Ekstra møte kan settes opp om det skal være sterkt behov.

§ 6 – Oppgåver

FAU ved vår skule skal arbeide med følgjande oppgåver:

- Fremje fellesinteressene til alle foreldre
- Bidra til eit godt skule-heim-samarbeid
- Komme med innspel frå dei ulike klassane
- Bidra til å vidareutvikle kvaliteten i skulen
- Gi innspel til skulen sine resultat, mellom anna faglege kartleggingar, Elevundersøkinga, Foreldreundersøkinga og andre aktuelle undersøkingar
- Bidra til gode læringsmiljø for alle elevar ved skulen
- Planleggje og gjennomføre vårens foreldremøte
- Andre relevante saker

§ 7 – Økonomi

Det er eit grunnleggjande prinsipp at den offentlege grunnskuleopplæringa skal vere gratis. FAU kan likevel ta imot bidrag i form av pengegåver eller dugnader. Pengegåver eller andre bidrag til FAU skal givast frivillig og anonymt av foreldra og skal kome alle elevane til gode. FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn, og skal sørge for god kontroll med inntekter og utgifter. Rekneskap vert lagt fram på siste FAU-møtet om våren (eventuelt på årsmøtet, sjå § 13). FAU Orre har valt å ikkje ha inntekter. Av den grunn vil foreldremøtet FAU arrangerer til våren vere kostnadsfritt.

§ 8 – Tausheitsplikt

Foreldrerepresentantar er automatisk underlagde tausheitsplikta. FAU skal likevel ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar, enkeltelevar, enkeltforeldre eller tilsette ved skulen.

§ 9 – Konflikthar i FAU

FAU skal vere eit samlande utval med fokus på det beste for alle elevar. Det er viktig at det er rom for usemje og diskusjon i FAU. Dersom det oppstår konflikthar, må representantane halde seg saklege og ha alle elevar i sentrum.

§ 10 – Rektor si rolle

Rektor har ansvaret for å leggje til rette for eit godt heim-skule-samarbeid. Det inneber mellom anna at rektor skal sørge for god kommunikasjon med foreldra, ikkje berre enkeltvis, men òg gjennom FAU og andre utval. FAU er foreldra sitt organ, men det kan vere nyttig å få informasjon direkte frå skuleleiinga. Dette styrer rektor si deltaking på FAU-møte. FAU ser ingen grunn til at rektor ikkje skal vere med på heile møtetida.

Ved behov kan rektor ekskluderast om ein sak skal ha behov for det.

§ 11 – Samarbeid mellom FAU og andre utval ved skulen

FAU ved vår skule skal samarbeide med Elevrådet og Samarbeidsutvalet (SU).

§ 12 – Endringar av vedtektene

FAU sine vedtekter vert fastsette av FAU. Endringar av vedtektene krev 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtekter skal handsamast på eit møte, medan røysting om endringane først kan vedtakast på det påfølgjande møtet.

Orre skule
FAU Orre skule

Kenth Magne Åsebø-Trodal
Rektor

Dato: 26.11.2025

